

**SAK:**

Ordførarkjede

**ARKIV NR.:** 011Journalnr./år Dato Henvisninger  
Behandl. av Dato Sak nr. Ekspl. dato

1993 Fieldhøg Støperi #1S - Unopning i desember 1993 -  
ark. 13/4-93  
ordførarkjede



## MELAND KOMMUNE

Frekhaug Støperi A/S  
5110 FREKHAUG

Dykkar ref.

J nr. 93003333  
Vår ref. B0110493AS  
Arkiv nr. 011

Dato 2. april 1993

### BRUOPNING I DESEMBER 1993 - ORDFØRARKJEDE.

Viser til Dykkar skriv d. 30. mars 1993.

Skrivet frå Dykk kom ordføraren ihende under formannskapsmøtet 31. mars og vart straks referert i møtet.

Formannskapet tok imot tilbodet med glede og entusiasme. Endeleg noko å gleda seg over for oss lokalpolitikarar i ei heller "traurig" tid.

Eit ekstra poeng er det at Meland kommune kan feire 70 års jubileum som eigen kommune i 1993. Det vert såleis også ei jubileumsgåve.

På vegne av kommunen vil eg med takk ta imot det storstilte tilbodet. Når det gjeld utforminga av ordførarkjeda, vil vi frå kommunen si side samarbeide med Dykk om det.

### ORDFØRAREN I MELAND

*Arne I. Sakstad*  
Arne I. Sakstad

# Frekhaug Støperi as

N - 5110 FREKHAUG, NORWAY

Telefax: + 47 5 37 75 17  
Telephone: Meland + 47 5 37 80 20  
Bank connection: Sparebanken Vest, Bergen  
Bank account: 3632.07.05589  
Swift code: SPAVNCBB  
Foretaksnr.: 911832100



Meland Kommune  
Formannskapskontoret  
v/ordfører Arne I. Sakstad

5110 FREKHAUG



30. mars 1993

## VEDR.: BRUOPNING I DESEMBER 1993 OG ORDFØRARKJEDE

Den 23.desember 1993 er ein dag som alle i Nordhordland og kanskje Meland spesielt, ser fram til. Brua mellom Hordvikneset og Flatøy skal opnast.

I den forbindelse vil ordføraren i Meland sikkert ha ei sentral rolle.

Så langt me kjenner til, har ikkje Meland kommune ordførarkjede.

Frekhaug Støperi AS er i dag ein av kun tre produsentar av rustfritt stål i Norge. Frank Mohn Flatøy A/S er ein av Norges største brukarar av rustfritt stål.

Flytebrua over Salhusfjorden skal "kvila" på pontongar av rustfritt stål.

Kunne det vera ein ide at også ordføraren i Meland bar eit kjede i same edle legering? Blankpolert rustfritt stål er eit fantastisk materiale og eit syn for auga.

Frekhaug Støperi AS tilbyr seg derfor å laga eit ordførarkjede i rustfritt stål, utan kostnad for Meland kommune.

Forutsetningen er sjølv sagt at Meland kommune spesifiserar korleis kjedet skal utformast.

Kostnaden ved å laga eit ordførarkjede har vi ingen ide om, og det vil derfor vera nødvendig å få ei oversikt over dette. Her betyr utforming, tekst, o.s.v. mykje.

Vi høyrer gjerne fra Dykk om denne ideen er noko å arbeida vidare med.

Med venleg helsing  
FREKHAUG STØPERI AS

John Villy Sandvik